behandling med høring og medvirkning av den regionale stedsnavntjenesten. Det innebærer at stedsnavntjenesten skal få alle navnesaker til gjennomsyn før det gjøres vedtak.

Som hovedregel skal en ta utgangspunkt i det tradisjonelle lokale talemålet, men skrivemåten skal tilpasses gjeldende rettskriving og rettskrivingsprinsipper. De fleste stedsnavn inneholder vanlige ord, og det er et viktig formål med stedsnavnloven at skrivemåten ikke skal overskygge meningsinnholdet. Dersom et nytt navn inneholder et annet stedsnavn som er fastsatt med en viss skrivemåte, skal den skrivemåten brukes. Hvis

et gårds- og bruksnavn offisielt skrives *Bruvoll*, må en derfor også skrive *Bruvollvegen*. Det kan være at familien som bor på gården, har slektsnavnet *Brovold*, men denne skrivemåten er ikke i samsvar med reglene i stedsnavnloven. Her må en altså skille mellom stedsnavnet på den ene sida og etternavnet på den andre.

### Skrivemåten av adressenavn

Utenlandske navn og nyere personnavn trenger ikke å følge rettskrivinga. Personnavn skrives som hovedregel slik som vedkommende selv skrev navnet.

Når et personnavn i genitiv er brukt som forledd i et adressenavn, kan etterleddet skrives i ubestemt form: *Karl Johans gate*. Ellers bør en som hovedregel velge samskriving og bestemt form av sisteleddet i samsvar med vanlig norsk navnelaging: *Gamleveien*, *Grünerløkka*, *Valebjørgsbryggja*, *Myrsletta*, *Vøyenalleen*.

At hunkjønnsord i bestemt form entall ender på *-a* (*Vika*) i dialekten, hankjønnsord på *-en* (*Tangen*, *Dalen*) og intetkjønnsord på *-et* (*Fjellet*), er neppe noe problem. Men når slike ord i bestemt form går inn som forledd i andre navn, mister de endinga eller får en sammensetningsfuge: *Vik(s)vegen*, *Tangevegen*, *Dalsveien*, *Fjellvegen*. Såkalte jamvektsord får endinger som *-ån/-an* (*Bråtån/Bråtán*) og *-ua* (*Gutua*). I sammensetninger beholder disse ordene endingsvokalen, altså *Bråtåvegen/Bråtavegen* og *Gutulia*.

Det er likevel slik at endinga i bestemt form i noen tilfeller oppfattes som så fast at den ikke endres når et nytt navneledd blir lagt til. Dermed oppstår former som *Sandvikavegen* og *Tangenvegen* istedenfor *Sandvik(s)vegen* og *Tangevegen*. Denne typen navnelaging

synes å bre seg, særlig i bynære strøk. Mer uvanlige navn, som for eksempel elvenavna *Etna*, *Regla* og *Åfeta* i Etnedal, følger også et tradisjonelt ordlagingsystem. Eksisterende navn som kommunenavnet *Etnedal* (laga til *Etna*), *Reglebekken* (laga til *Regla*) og *Åfetstølen*, *Åfetosen*, *Åfetfossen* (laga til *Åfeta*) viser at den bestemte artikkelen sløyfes når disse elvenavna inngår som forledd i ei sammensetning. I sammensetninger med for eksempel *vegen* bør navna skrives *Etnevegen*, *Reglevegen* og *Åfetvegen* (ikke *Etnavegen*, *Reglavegen* og *Åfetavegen*). Dersom en er usikker på sammensetningsmåten, bør en undersøke om det fins andre sammensetninger med samme navn som kan brukes som mønster.

Hvis en lokalt finner seg bedre til rette med former som *Sandvikavegen* og *Tangenvegen* enn med *Sandvik(s)vegen* og *Tangevegen*, kan ikke de førstnevnte forbys. Dette har å gjøre med at *Sandvika* og *Tangen* nærmest oppfattes som ubøyelige, altså at det gamle ordlagingsystemet ikke fungerer lenger. På den andre sida vil stedsnavntjenesten sterkt rå til at også adressenavn får ei skriftform som avspeiler nedarva uttale og lokal navnetradisjon og navnelaging. Adressenavna er jo de navna som blir brukt mest, og som det derfor bør være viktig å føre videre på et lokalspråklig grunnlag.

.....

Ingvil Nordland er sekretær for Stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylkene.

# «Skjælke ente!» Frå norrønt direkte til moderne tid

■ ERNST HÅKON JAHR

I band 9 av *Norsk Ordbok* (frå ramost til *skodde*), som blei lansert 19. februar i år, finn vi denne korte artikkelen:

**skjelkja** v -a [norr. *skelkja* 'spotta, håna'] spotta, skjemta med (Onsøy): *skjelke ikkje!* (jf ÅrsskrOnsøy 2001,21).

Det spesielle med dette ordet er at det er heimfesta hos berre éin språkbrukar

Skjælke ente!



Foto: Knut Elvebak

Dette biletet av Sofie Gjølberg er frå ca. 1962.

i moderne tid, nemleg Sofie Gjølberg (1872–1967) frå Onsøy ved Fredrikstad. Ho var oldemora mi på morssida (mors mormor). Ho brukte ordet ganske ofte, særleg når oldeborna sa noko ho meinte vi ikkje skulle spøke med. Sa nokon «No døyr eg!» eller «Eg ler meg i hel», kommenterte ho gjerne: «Skjælke ente!» Vi skulle ikkje skjemte med slike alvorlege ting. *Skjælke* går rett attende til norrønt *skelkja*. Her har vi altså eit ord som er belagt i norrønt, og som ikkje er registrert skriftleg nokon stad mellom norrøn tid og no. Det er ikkje med i Ivar Aasens ordbok, ikkje i Hans Ross si eller hos nokon andre, men blei så «reda» for *Norsk Ordbok* av Sofie Gjølberg. *Norsk Ordbok* har normert ordet til *skjelkja*. Kanskje nokon av Språknyttts lesarar òg kjenner uttrykket «Skjelkje ikkje»?

Tilvisinga i *Norsk Ordbok* er til ein artikkel eg skreiv om «skjelkje ikkje»-uttrykket i årsskriftet *Varden* (utgitt av Onsøy Historielag), 29. årgang 2001.

Ernst Håkon Jahr er professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Agder.

# Korleis har norsklærarar det med faget sitt?

■ TORBJØRG BREIVIK OG OVE EIDE

Fagrådet for skole og offentlig forvaltning i Språkrådet har ofte drøfta spørsmål knytte til norskfaget, men har sett at det manglar fakta om kva norsklærarane meiner. Difor tok fagrådet initiativ til ei undersøking der norsklærarar fekk uttale seg om ulike delar av faget.

Synovate fekk oppdraget og sende ut eit elektronisk spørjeskjema til i alt 1608 skolar. Det kom inn 1594 svar fordelte på 1131 svar frå vidaregåande skolar (280 skolar av 435 totalt) og 463 svar frå ungdomsskolar (245 skolar av 1210). I utvalet er lærarar frå vidaregåande skolar og skolar med mange elevar overrepresenterte, men resultatane er vektane for skoleslag og storleik.

## Trivsel og arbeidsmengd

Eit hovudresultat i undersøkinga er at norsklærarane likar å undervise i faget, og at dei trivst godt saman med elevane, men tykkjer at arbeidsmengda er stor. For mange heng nok det siste saman med at dei skal setje tre karakterar i norskfaget. På eit debattmøte i Språkrådet om resultatane frå undersøkinga understreka ein representant for Elevorganisasjonen at læringsprosessen hos elevane må prioriterast framfor talet på skriftlege innleverte arbeid (produksjon). Han tykte det var skremmande å høyre at mange lærarar opplever vurderingsarbeidet som ei byrde, for han såg det slik at nettopp vurdering og tilbakemeldingar er grunnlaget for læreprosessen til elevane. Eit anna poeng frå Elevorganisasjonen var at læreplanane burde vere leselege for elevane også, slik at dei

forstår kva dei skal lære på dei ulike årstega. Ein heilskapleg læreplan og ei norskopplæring med tydeleg progresjon er nødvendig for å skape motivasjon og interesse hos elevane. Slik praksis er no, mister altfor mange elevar motivasjonen gjennom det 13-årige skoleløpet. Undersøkinga viser då også at norsklærarane opplever at elevane på ungdomssteget er meir motiverte og arbeidsame enn elevane i den vidaregåande skolen.

Utdanningsdirektoratet har starta arbeidet med å gå igjennom læreplanane, og eit forslag til revidering skal vere klart til høyring hausten 2012. Resultatane frå haldningsundersøkinga er viktige innspel til dette arbeidet.

## Utdanning, erfaring og kompetanse

Resultatane frå undersøkinga stadfestar dei skilnadene vi trudde fanst mellom lærarar i ungdomsskolen og lærarar i den vidaregåande skolen når det gjeld norskfagleg kompetanse. I ungdomsskolen er det fleire lærarar som underviser i norsk utan anna norskfagleg utdanning enn det dei har frå den vidaregåande skolen. Lærarane meiner at norskfaget er viktig, men dei vektar emna i faget svært ulikt, og dei rapporterer om varierende kompetanse i emna.

På debattmøtet om undersøkinga viste professor Frøydis Hertzberg frå Universitetet i Oslo til funna frå evalueringa av Kunnskapslyftet. Ho meinte at særleg «grunnleggjande ferdigheiter» (lesing, skrivning, munnleg språk) er uklart formulerte i læreplanen slik han no er. Særleg uklart er det korleis ein skal arbeide med dei på ein strukturert måte, og om hovudansvaret ligg eller skal ligge hos norsklæraren.

### Kompetanse i og haldning til målformene

Læreplanen jamstiller bokmål og nynorsk i skolen, medan eksamens- og vurderingsordningane skil mellom hovudmål og sidemål. Når vi spør dei som underviser i norsk, om dei er samde i jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i læreplanen, får vi nokre overraskande svar. Nesten halvparten (48 %) av dei som svarte, er usamde, medan 39 % er samde. Norsklærarar med nynorsk som sitt private hovudmål er mest positive til jamstilling mellom målformene, og desse lærarane har lang norskfagleg utdanning (og arbeider i den vidaregåande skolen).

Ser vi nærare på dei lærarane som har bokmål som si private målform, blir biletet meir nyansert, og gruppa kan delast etter kompetanse. Gruppa som meiner at dei har høg kompetanse i nynorsk som sidemål, meiner at sidemålsundervisninga er viktig, at alle bør kunne lese og skrive nynorsk, og at ein skal undervise i nynorsk på alle årstrinna i ungdomsskolen og i den vidaregåande skolen. Blant dei lærarane som rapporterer at dei har låg kompetanse i nynorsk som sidemål, er det fleire enn sju av ti som meiner at det er tilstrekkeleg at ungdomsskoleelevar kan lese nynorsk. Motstanden mot sidemålet

(nynorsk) kjem òg til uttrykk ved at heile 71 % meiner at denne delen av undervisninga er lite viktig.

Undersøkinga viser at det er samanheng mellom høg utdanning og lang erfaring og korleis ein vurderer dei ulike emna i norskfaget. Kunnskap om språk- og litteraturhistorie, forståing og tolking av tekst og undervisning i sidemålet blir sedd på som viktigare jo høgare utdanning og lengre erfaring lærarane har. Det er også ein klar samanheng mellom låg kompetanse i sidemålet og negativ haldning til jamstilling mellom målformene og det å undervise i sidemål. Det er i ungdomsskolen vi finn majoriteten av lærarane med kort utdanning og låg kompetanse i norskfaget.

### Kva emne er viktige?

Undersøkinga viser at det er brei semje om at munnlege og formelle skriftlege ferdigheiter er svært viktige, medan kunnskapar om samansette tekstar og kunnskapar om språk- og litteraturhistorie er ei aning mindre viktige. Det er påfallande at det er færre av lærarane i den vidaregåande skolen, studieførebuande program, som meiner at formelle skriftlege ferdigheiter er svært viktige. Ei mogleg tolking av dette resultatet kan vere at lærarane i den vidaregåande skolen reknar med at elevane skal ha gått gjennom desse emna tidlegare i skoleløpet og har tilstrekkelege kunnskapar frå før.

### Kompetanse i ulike emne

Lærarane blei spurde om sin eigen kompetanse i hovudområda i læreplanen: skriftlege tekstar, språk og kultur, munnlege tekstar og samansette tekstar. Få opplever at dei ikkje har kompetanse i emna i det heile, men graden av kom-



petanse varierer. Det er ei stor gruppe lærarar som oppgir at dei berre i nokon grad har kompetanse i samansette tekstar. Norskklærarane på ungdomsskolenivå og dei med lite erfaring (under fem år) skil seg ut ved at få av dei meiner dei har god kompetanse i hovudemna i læreplanen. Det er også i denne gruppa vi finn dei med kortast utdanning i norskfaget.

### Nabospråkundervisning

Ein nordisk språkkampanje blei initiert av den islandske formannskapet i Nor-

fatta som mindre viktig enn andre emne.

### Konklusjon

Undersøkinga stadfestar at det er ein samheng mellom utdanning, haldning til innhaldet i norskfaget og opplevd undervisningskompetanse. Norskklærarane trivst med faget sitt og med elevane, men meiner at arbeidsmengda er for stor. Funna i undersøkinga er viktige innspel i debatten om revisjonen av norskfaget, om kva innhald og omfang faget skal ha. Men like viktig er disku-

● «Undervisninga i nabospråk blir oppfatta som mindre viktig enn andre emne.»

disk råd i 2009 og sett i gang hausten 2010. Målet er å styrkje nabospråkforståinga blant barn og unge i Norden. Bakgrunnen for kampanjen er at undervisning i nabospråka er emne i læreplanane i alle dei nordiske landa. Språkrådet har vore involvert i ei undersøking som viser at ungdom i mindre grad enn tidlegare forstår språka i nabolanda. Det var difor naturleg å undersøkje kva lærarane meiner om emnet, og om dei kjenner seg kompetente til å undervise i det.

Litt over ein tredel av lærarane (35 %) meiner at dei har god kompetanse til å undervise i nabospråka, men fleirtalet (58 %) oppgir at dei berre i nokon grad har tilstrekkeleg kompetanse på området. Resultata viser òg at 8 % oppgir at dei ikkje har kompetanse i nabospråk, eller at dei ikkje veit om dei har det. Undervisninga i nabospråk blir også opp-

sjonen om kva kompetanse lærarane har, og kva som kan gjerast for å setje dei i stand til å undervise i dei emna planane faktisk seier at dei skal undervise i. Både i grunnutdanninga for lærarar og i tilboda om etter- og vidareutdanning for norskklærarane er det særleg viktig å styrkje opplæringa i nabospråkundervisning og i nynorsk.

.....  
Torbjørg Breivik er seniorrådgjevar i Språkrådet og medlem av fagrådet for skole og offentleg forvaltning.

Ove Eide er leiar av fagrådet for skole og offentleg forvaltning, til dagleg norskklærar og leiar for utvikling og fornying ved Firda vidaregåande skule på Sandane.

.....  
Løysing på baksidagåta: Geitir og kje har horn, geitingar har følehorn, og geiting og geitungur tyder 'kvefs/vefs', jamfør omsetjinga av den islandske setninga: «Han er oftast svart með gule eller rauðe tveir-rænder og með gífltródd.»

# Norge hevder seg i internasjonalt terminologiarbeid

## ■ MARIANNE AASGAARD

Arbeidet med terminologi og fagspråk ivaretas internasjonalt av en rekke foreninger og organisasjoner. Norge og Språkrådet er godt representert i tre av dem.

Norge er representert i styret i tre internasjonale terminologiforeninger, og i to av dem har vi ledervervet. De tre representantene har nær tilknytning til Språkrådet. Jan Hoel er leder for Den europeiske terminologiforening (EAFT) og seniorrådgiver i Språkrådet. Håvard Hjulstad er styremedlem i Infoterm og medlem av Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Johan Myking er leder for det internasjonale forsknings-



Håvard Hjulstad: «Terminologiarbeid er internasjonalt i sitt vesen.»

instituttet IITF og var frem til i fjor leder for Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.

I 2009 ble Språkrådet nasjonalt samarbeidsorgan for arbeid med terminologi og fagspråk i Norge. Det meste av arbeidet til Språkrådet skjer selvfølgelig i Norge, men det internasjonale samarbeidet er også betydningsfullt. Derfor

er det svært gledelig at Språkrådet og personer tilknyttet Språkrådet har viktige verv i flere av de internasjonale foreningene for terminologi og fagspråk.

### Ikke tilfeldig

Skal man tro de tre, er det ikke tilfeldig at det er personer fra Norge og Norden som innehar slike verv. – Det nordiske terminologiarbeidet har alltid stått høyt i kurs, sier Håvard Hjulstad. – Det har vært høy aktivitet i alle de nordiske landene. Norge har hatt stor interesse for

terminologi, og vi har hatt et organisert og sentralisert terminologiarbeid i lengre tid enn andre og større språksamfunn.

Også Johan Myking mener at det er naturlig at Norge og Norden hevder seg internasjonalt. – IITF har administrasjonssentrum i Vasa i Finland, og det er ikke tilfeldig, mener Myking. – Fagmiljøet i Norden har et godt omdømme fordi vi i Norden har vært aktive og

publisert mye. Universitetet i Vasa er anerkjent innen fagspråk og terminologi, og det er mange som har disputert der, meg selv inkludert, sier Myking. Om Norges verv i foreningen har han følgende å si: – Det er inspirerende å se at de nasjonale og nordiske erfaringene er viktige for andre. Det er også et bidrag til kunnskapsutveksling man ikke skal undervurdere betydningen av.

### Språkrådet i sentral rolle

Jan Hoel er koordinator for terminologitjenesten i Språkrådet, og Språkrådet er medlem av Den europeiske terminolo-

EAFT arrangerer en hovedkonferanse annethvert år, og neste gang finner den sted i Oslo, i oktober 2012. – Ledervervet gir en mulighet til å påvirke arrangementssted for neste hovedkonferanse, og dette har Språkrådet altså utnyttet, forteller Hoel. – Det tydeliggjør også Språkrådets rolle som nasjonalt samordningsorgan for terminologiarbeid i Norge. Vi plasserer den nye rollen vår i en større sammenheng. Vi

Johan Myking: «Fagmiljøet i Norden har et godt omdømme.»



logiforening (EAFT). I fjor høst ble Hoel valgt til leder for foreningen. EAFT ble opprettet i 1996 og er en ideell medlemsforening. Målet til foreningen er å skape en europeisk plattform for arbeidet med terminologi og å øke bevisstheten rundt terminologiarbeid. Foreningen skal også fremme flerspråklighet i fagkommunikasjon.

– EAFT har et flerspråklig siktemål som er viktig, sier Hoel. – Dette er en bærebjelke i foreningens virksomhet. Terminologiarbeid legger godt til rette for utveksling og overføring av kunnskap på tvers av språkgrenser, og det er en forutsetning for en globalisert verden. Dette er da også et av de overordnede formålene i foreningens «Brussel-erklæring», som foreligger på bokmål og nynorsk.

Hoel understreker også foreningens rolle som kontaktskaper. – EAFT er en møteplass der medlemmer fra europeiske land kan utveksle erfaringer og hente inspirasjon, sier han.

samarbeider og knytter forbindelser med det øvrige Norden og Europa, og det er viktig.

### Terminologi og forskning

Frem til utgangen av 2010 var Johan Myking leder for Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Han er professor ved Universitetet i Bergen og har siden 2009 vært leder for IITF (Internationales Institut für Terminologieforschung). IITF ble opprettet i Wien i 1989, og medlemmene er akademikere fra universiteter i ulike deler av verden. Det er et trettitalls individuelle medlemmer, mens om lag like mange er institusjonelle medlemmer, i hovedsak forskningsmiljøer. IITF arbeider for å fremme og koordinere grunnleggende forskning innen terminologi.

– Siktemålet med IITF er å få terminologiforskning inn på den akademiske arenaen, sier Johan Myking. – Dette

gjør IITF til en annen type organisasjon enn de andre. Det er viktig at terminologi også er en akademisk disiplin, og grunnforskning tilfører elementer som terminologimiljøet ikke kan klare seg uten.

IITF har arrangert flere konferanser og fagsymposier, og det neste fagsymposiet skal være i Perm i Russland i august i år. Temaet er fagspråk og språkpolitikk, og Myking er hovedinnleggsholder. IITF har også gitt ut en rekke publikasjoner og har blant annet en aktiv tids-



Jan Hoel: «Vi plasserer Språkrådets nye rolle i en større sammenheng.»

skriftserie. – Målet er at alle publikasjoner skal være målt etter akademiske standarder, sier Myking.

### Internasjonalt samarbeid

Den eldste av de omtalte foreningene er Infoterm, som ble dannet i 1971. Infoterm skal fremme og støtte samarbeid mellom eksisterende terminologisentre og terminologinettverk, og fra Norge er Språkrådet og organisasjonen Standard Norge medlemmer. Håvard Hjulstad sitter i styret i Infoterm og har tidligere også vært visepresident i foreningen. Han jobber til daglig i Standard Norge og er i tillegg inne i sin tredje periode som medlem av Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.

Infoterm er en ideell organisasjon som engasjerer seg i prosjekter innenfor terminologi og fagspråk både i Europa og i resten av verden. – Infoterm er en

viktig forening som skal være et knutepunkt for medlemsorganisasjonene, sier Hjulstad. – Infoterm er flink til å støtte folk som starter opp med terminologiarbeid, og foreningen har blant annet vært til god støtte for å få i gang arbeid med terminologi i Baltikum.

Infoterm var også i en årrekke sekretariat for den internasjonale standardiseringskomiteen for terminologi og språkressurser, ISO/TC 37, der også Norge deltar aktivt. Hjulstad var selv leder for ISO/TC 37 i tolv år frem til 2009.

Alle tre er enige om at et internasjonalt engasjement er av stor betydning.

– Det internasjonale samarbeidet innen terminologiarbeid er svært viktig, sier Hjulstad. – Terminologiarbeid er i seg selv internasjonalt, og det nasjonale og særspåklige har mindre relevans her enn i mye annet språkarbeid. Det er nesten ikke mulig å drive terminologiarbeid kun på nasjonalt plan, terminologiarbeid er internasjonalt i sitt vesen. Man kan nesten si at det nasjonale særspåklige, altså å finne termer på nasjonalspråket, er den enkle biten, avslutter han.

Nettadresser til organisasjonene:

EAFI: <http://www.eaft-aet.net>

IITF: <http://lipas.uwasa.fi/hut/svenska/iitf/index.php>

Infoterm: <http://www.infoterm.info>

.....

Marianne Aasgaard er rådgiver i terminologitjenesten i Språkrådet.

# Lakselus og flytekragar. Om norsk terminologi i fiskeoppdrett

## ■ OLE VÅGE

Terminologien i fiskeoppdrett er interessant å ha i mente når ein diskuterer utfordringane for norsk terminologi og fagspråk. I motsetnad til på mange andre fagfelt har den teknologiske utviklinga innanfor fiskeoppdrett skjedd nettopp her til lands. Kva har det å seie for termdanninga på dette feltet?

Dersom vi ser nærmare på utviklinga av terminologien i fiskeoppdrett, ser vi at norskprodusert teknologi går hand i hand med språkleg kreativitet. Fiskeoppdrettsteknologi nyttar ofte såkalla motiverte termar. Motiverte termar er «gjennomsiktige», det vil seie at det er lett å forstå kva dei viser til. Derfor er

Motiverte termar som er baserte på metaforar, er resultatet av ein svært produktiv termdanningsprosess i fiskeoppdrett. Produksjonssyklusen til oppdrettslaksen har tre etappar: *stamfisk*, *setjefisk* og *matfisk*. Det første leddet i desse termene peikar på kva funksjon fisken har i kvar etappe, og signaliserer



«I motsetnad til på mange andre fagfelt har den teknologiske utviklinga innanfor fiskeoppdrett skjedd nettopp her til lands.»

desse termene også lettare tilgjengelege for ein vid krins av språkbrukarar. Eit døme er *flytekrage*, ein konstruksjon som held notposen på plass. Det første leddet peikar på den eigenskapen at konstruksjonen er flytande. Det andre leddet, *krage*, tyder 'kant rundt halsen på klesplagg'. Av termen *flytekrage* kan vi såleis danne oss eit bilete av ein konstruksjon som er forma som ein krage og held noko flytande rundt kragekantane. Vi er med andre ord inne på ein metafor frå kleddningsverda.

altså at omgrepet *oppdrettsfisk* kan delast inn i tre underomgrep. Det første leddet i den første termen peikar på opphav, medan vi i det første leddet til den andre termen finn verbet å *setje* med tydinga 'å plante'. I *matfisk* syner det første leddet til formålet med laksen, nemleg føde for folk. Assosiasjonane til potetdyrking er tydelege. Vi kjenner alle til setjepoteta, som vert nytta for å dyrke fram matpoteta. Fiskeoppdrett har også hatt historisk tette band til landbruket, og især i den tid-

lege perioden var landbruket ei sentral inspirasjonskjelde. Sjølve termen *fiskeoppdrett* peikar i same retninga. Ut av denne termen kan vi lese at fiskeoppdrett er ein aktivitet der ein drettar opp fisk, ikkje ulikt oppdrett av til dømes hest. Denne termen er betre enn *akvakultur*, eit framandord som ofte vert nytta upresist.

Andre viktige døme på vellukka og funksjonelle termdanningar kan ein finne i nemningar på sjukdomar. Fenomen som *lakselus* og *vintersår* er samansettingar som er lettare å forstå og nytte enn dei latinske termene *Lepeophtheirus*

for folk flest og får såleis ein demokratiserende funksjon. Godt motiverte termar verkar ikkje ekskluderande, noko som importert terminologi kan vere når termene kjem frå engelsk eller latin. Det gjeld også i fiskeoppdrett. Uheldige konsekvensar frå denne næringa vedkjem heile samfunnet, anten det er snakk om sjukdomar eller forureining. For at ålmenta skal vere i stand til å delta i eit offentleg ordskifte om dette, er det naudsynt med eit minimum av forståeleg terminologi. Ein levande og funksjonell norsk terminologi gjer det mogleg for norske aviser å skrive om til

● «Vanskelege termar står i vegen for levande ordskifte og dialog mellom oppdrettsnæringa og samfunnet elles.»

*salmonis* og *Vibrio viscosus*. Termen *lakselus* seier oss noko om sjukdomen, nemlig at det er snakk om eit parasitisk krepsdyr (lus) som lever på laksen. *Vintersår* peikar på symptoma til ein annan sjukdom, at sår oppstår på laksen, især i vinterhalvåret.

No er ikkje biletet så eintydig som ein kan få inntrykk av. Fleire termar i fiskeoppdrett er i mindre grad motiverte, som dømet *astaxanthin* syner. Dersom ein ikkje veit kva *astaxanthin* tyder, er det lite hjelp å få i det språklege uttrykket. Termen er samansett av *astakós*, eit gresk ord for hummar, og *xanthós*, blond, noko i lei av ein hummarlyseraud farge. Med andre ord er *astaxanthin* eit pigmentstoff som vert tilsett føret, og som gjev laksekjøtet den karakteristiske raudfargen.

### Terminologi i offentleg ordskifte

Termar som er baserte på norsk ordlagingsmateriale, vert meir tilgjengelege

dømes *lakselus*, slik at også dei som ikkje er fagpersonar, kan lese det. Hyp-pige medieoppslag om denne sjukdomen er synlege prov på det. Slik vert det også mogleg for lesarane å forstå forslaget om å leggje oppdrettsanlegg *i brakk*. Dette uttrykket er òg eit kreativt lån frå landbruket, der det tyder at eit jordstykke ligg unytta i vekstperioden. På same måten kan ein leggje oppdrettsanlegg unytta for å få bukt med *lakselusa*.

### Den chilenske erfaringa

Chilensk lakseoppdrettsnæring, som er verdas nest største, ber vitnesbyrd om ei anna erfaring enn den norske. Ikkje berre er laksen introdusert som ein framand art, men også teknologien er importert, langt på veg frå Noreg. I denne teknologioverføringa har engelsk fungert som arbeidsspråk, og det kan vi finne tydelege spor av i den spanskpråklege terminologien. Det som vi på norsk



Foto © Gorm Kallestad / Scampix

kallar *brønnbåt*, altså fartyet som fraktar levande fisk, vert på chilensk-spansk kalla *well boat*, altså ein engelsk term. Medan termen er godt motivert på norsk, er han meiningslaus i Chile om ein ikkje kan engelsk eller kjenner fagfeltet godt. Andre slike døme frå Chile er *hatchery* (norsk: *klekkeri*), *anti-fouling* (norsk: *begroingskontroll*) og *ranching* (norsk: *havbeite*). Slike framandspråklege termar kan ha ein ekskluderande funksjon når berre svært få forstår dei.

### Utfordringar i framtida

Samanlikna med termar som vert nytta i Chile, er dei norske termene lettare å forstå for folk flest, og mykje tyder på at det kjem av at oppdrettsteknologien har opphavet sitt i Noreg. Likevel ser ein stadig oftare i norsk fiskeoppdrett bruk av vanskelege termar som er baserte på framandspråk. Forskarar i marinbiologi peikar på eit større gap mellom fiskeoppdrettar og forskar fordi saksfeltet har blitt meir kompleks. Innlån av

kunnskap og termar frå blant anna genetikk og molekylær biologi er døme på at fiskeoppdrett vert stadig meir innfløkt. Som ein konsekvens vert også språket vanskelegare, og kommunikasjonen mellom grunnforskarar og yrkesutøvarar har blitt hemma. Dimed vert det også vanskelegare for kvar og ein av oss å ta stilling til *profylaksar* som vert nytta mot *piscirickettsiose* og *marin viral hemorrhagisk septikemi*, og dei *eutrofierande* effektane dei *domestiserte* artane har på den *bentiske* floraen. Vanskelege termar står i vegen for eit levande ordskifte og ein dialog mellom oppdrettsnæringa og samfunnet elles.



Ole Våge er rådgjevar i terminologitenesta i Språkrådet. Han har vore doktorgradsstipendiat ved Noregs handelshøgskole og skreiv der ei avhandling om norsk og spansk terminologi i fiskeoppdrett.

# Vestlandet og Sørlandet blir til

## ■ KNUT HELLE

I dag er det vanleg å skilje mellom fem norske hovudlandsdelar – Austlandet, Sørlandet, Vestlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. Av desse namna er Vestlandet det eldste, saman med Austlandet, men dei er likevel heller unge. Og Sørlandet er enda yngre. Kva er soga bak?

I vikingtida blei det meste av Vest-Noreg og heile Sørlandet organisert som eit lovområde under Gulatingslova – Gulatingslag. Det strakte seg frå Agder til Sunnmøre, medan Romsdal og Nordmøre høyrde til det trønderiske Frostatingslag. Men desse rettslege områdenamna stod neppe sterkt i vanleg språkbruk. Folk flest identifiserte seg nok sterkare med mindre område i denne store regionen.

### «Nordmenn» i vest

For folk i bygdene aust for Langfjella låg Vest-Noreg lenge i «nord», og folk der blei kalla «nordmenn». I vest rekna dei på si side folk på hi sida av fjellet for «austmenn». Slik blei det kan hende skilt mellom nord og aust alt mot slutten av 800-talet. Da fortel samtidige skaldestrofer at Harald Hårfagre kjempa som høvding over nordmennene i Hafrsfjord og

Austmannalia. Om dei budde på kysten aust for Eigersund, blei dei kalla austmenn når dei tok del i sildefisket på vestkysten, til skilnad frå dei innfødde nordmennene.

Frå 1270-åra utvikla det seg ei todeling av landet som kan henge saman med denne «nord-tenkinga». Offisielle dokument såg i aukande grad landet nord for Dovre og vest for Langfjella som det «nordafjelske», men da ikkje til skilnad frå det som låg i aust, men frå det «sønnaafjelske» sør for Dovre. Grenseskiljet på kysten var Lindesnes.

### Nord blir vest

Ikkje før på 1700-talet blei denne todelinga av landet broten av ein tendens til å skilje Vest-Noreg frå resten av det nordafjelske. Som biskop i Bergen lærte dansken Erik Pontoppidan å kjenne skilnaden mellom aust og vest da han

● «For folk i bygdene aust for Langfjella låg Vest-Noreg lenge i 'nord', og folk der blei kalla 'nordmenn'.»

sigra over austmenn som kom siglande austafra og rømde heim over Jæren.

På 1800-talet kom det framleis nordmenn austover Hardangervidda, framom Nordmannslågen og etter Nordmannsslepene. Austmenn drog den motsette vegen. Til Røldal kom dei ned

samla norske ord til *Glossarium Norvegicum* (1749) og skreiv om vêrlag og fjell i *Norges naturlige Historie* (1753). I det siste verket la han vekt på klimaskiljet langs Langfjella og kalla områda på dei to sidene av fjella for «Vester-Landet» og «Øster-Landet». Vestlands-nemninga



slo likevel ikkje snøgt igjennom. Pontopidan nytta òg omgrepet «Vestenfields», og det ser ut til at det «vestafjelske» lenge var den vanlegaste administrative nemninga på Vest-Noreg. Hit reknar Jens Kraft i sin *Beskrivelse av Kongeriget Norge* (1820–1836) futedømma frå og med Jæren og Dalane i sør til og med Sunnfjord og Nordfjord i nord.

I første halvdel av 1800-talet var likevel også nemninga «Vestlandet» komen i bruk, men det ser ut til at ho særleg galdt kystområda i Agder og Rogaland. For folk i Telemark var det kystlandet frå Agder til Jæren som var Vestlandet, medan bygdene vest for Hardangervidda framleis låg i «nord». Aasmund Olavsson Vinje såg enno i 1850-åra folk frå Jæren og Vest-Agder som «dei reine Vestlændingar». Og på agderkysten brukte folk Vestlands-omgrepet for å markere seg mot landet lenger aust. Såleis kom avisa Vestlandske Tidende ut i Arendal frå 1832.

Ordregistreringane til Ivar Aasen syner likevel at folk no også var «vestlendingar» nordover i det vestafjelske. I *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) definerer han vestlendingen som både «Indbygger af den vestlige Deel af Norge (det Vestenfjeldske)» og heimehøyrande i «det søndenfjeldske Vestland eller Arendalssiden».

Tendensen til å rekne heile denne store regionen for «Vestland» blei truleg styrkt av at det blei vanleg å sjå resten av landet i motsetnad til hovudstaden i Christiania. Førestellinga om eit omfattande, samla Vestland låg nok enda nærare for dei som såg landsdelen utanfrå. Vestlendingane sjølv identifiserte seg helst sterkare med mindre område. Da Arne Garborg fekk seg stove i Knudaheio i 1899, streka han under kor viktig Vestlandet var i norsk historie, men han kjende seg først og fremst som jærbu.

Foto © Bård Løken / NN / Samfoto



### Frå Vestland til Sørland

Sør ved Skagerrak var folk gjennom heile 1800-talet vestlendingar både i eigne og andre sine auge. Derfor kunne Vilhelm Krag i 1898 gje ut samlinga *Vestlandsviser* og prise landsdelen sin med opningsorda «O, vestland, du min moderjord». Men da han gav ut eit utval av dikta sine i 1917, opna han med «O, Sørland, du min moderjord». I mellomtida hadde han gått i bresjen for å døype om Agder på denne måten, og som landsdelsnamn har «Sørlandet» berre styrkt seg seinare.

Krag skapte Sørlands-omgrepet med front mot det han såg som ei nedvurdering av landsdelen i hovudstaden og mellom austlendingar. Samstundes reiv han Sørlandet laus frå eit Vestland som var prega av motkulturar han ikkje hadde særleg sans for. Han var klar på at heile Agder, også innlandet, var Sørland. Men dette har i ettertid kome noko i bakgrunnen for myten om det blide, harmoniske og sommarlege Kyst-Sørlandet. Denne myten blir i dag kritisert i landsdelen, mellom anna for å verke lammande og dekkje over sosiale problem.

### Kva er Vestlandet i dag?

Oppfatninga av kva som utgjer Vestlandet, skifter i dag som før. På sitt vidaste omfattar landsdelen fylka frå og med Rogaland til og med Møre og Romsdal. Dei samarbeider alle i det Vestlandsrådet som blei oppretta i 2003. Likevel ser det ut til at folk på Nordmøre jamt over kjenner seg meir som trønderar enn som vestlendingar, medan sunnmøringane gjerne reknar seg for vestlendingar. Romsdalingane er på vippen mellom Vestlandet og Trøndelag og har samstundes gamle band over fjellet til Austlandet. Derfor står tradisjonen frå det

gamle Gulatingslag framleis sterkt: Sunnmøre er vestlandsk, medan Romsdal og Nordmøre i det minste ikkje er det i same grad. Det er ein tendens til å rekne desse to gamle frostatingsfylka og seinare futedømme til Midt-Noreg, og i helsevesenet høyrer heile Møre og Romsdal i dag til Helse Midt-Noreg.

Dette syner at heller ikkje Sunnmøre har ei sjølvsgd Vestlands-tilknytning i dag. Det er ikkje uvanleg å setje ei nordgrense for landsdelen ved Stad, slik Jens Kraft gjorde i 1820-åra. I andre halvdel av 1960-åra utarbeidde til dømes den såkalla Vestlandskomiteén ein landsdelsplan for Hordaland og Sogn og Fjordane. Møre og Romsdal laga sin eigen plan, og det same gjorde seinare Rogaland og Agder. Rogaland har likevel eit så tett næringshopehav med Hordaland og tek så aktivt del i det politiske Vestlands-samarbeidet at det gjev dårleg meining å utelate fylket frå Vestlandet. Dette enda om det har heva seg røyser i Rogaland for eit tettare samarbeid med Agderfylka, samstundes som det er ein tendens i Hordaland og Sogn og Fjordane til å rekne seg for dei verkelege vestlandsfylka.

Det soga da viser, er at Vestlandet har vore og er ein skiftande prosess meir enn ein fast og stabilt avgrensa landsdel. Kva ein reknar til landsdelen, er avhengig av kvar ein er på tidsaksen frå vikingtida til i dag, og det varierer med dei konstituerande draga ein legg vekt på.

.....

Knut Helle er professor emeritus i mellomalderhistorie ved Universitetet i Bergen og har skrive meir utførleg om Vestlandet og Sørlandet i innleiinga til *Vestlandets historie*, band 1 (2006).

# OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnslivet også i fremtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk.

Vi vil gi det offentlige, næringslivet og folk flest tro på at norsk språk duger, og arbeider for å øke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjør Språkrådet for å styrke det norske språkets stilling:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonene våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen *Språkdagen* hvert år for å skape debatt om aktuelle utfordringer for norsk språk.
- Vi har en språktjeneste for statsorganer som gir råd til statsansatte om hvordan de kan skrive klart og godt.
- Vi har en terminologitjeneste som samordner utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi og fremmer norsk fagspråk.
- Vi gir diplom til næringsdrivende som har gitt virksomheten et godt, kreativt norsk navn.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Vi fører tilsyn med at alle statsorganer følger kravene til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi gir råd om hvordan stedsnavn skal skrives på kart og veiskilt.
- Vi samarbeider med offentlige og private institusjoner om tiltak som styrker bruken av norsk.
- Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg.

Direktøren i Språkrådet er leder for 30 ansatte. Styret i Språkrådet er utnevnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet. Fagrådene gir innspill og råd om saker på sine fagfelter.

[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

SPRÅKRÅDET  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50  
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLIG REDAKTØR:  
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:  
Svein Arne Orvik

REDAKTØR:  
Åsta Norheim  
[asta.norheim@sprakradet.no](mailto:asta.norheim@sprakradet.no)

REDAKSJONSSEKRETÆR:  
Erlend Lønnum  
[erlend.lonnum@sprakradet.no](mailto:erlend.lonnum@sprakradet.no)

ABONNEMENT OG  
ADRESSEENDRING:  
[bestilling@sprakradet.no](mailto:bestilling@sprakradet.no)

Signerte artikler fra  
eksterne skribenter står  
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når kilden  
er oppgitt.

OPPLAG: 11 500  
Tekstene i dette nummeret  
fins også på Internett:  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

Fire nummer i året  
Redaksjonen avsluttet  
20.05.2011


LAYOUT: Marit Heggenhougen  
[www.cmykdesign.no](http://www.cmykdesign.no)  
TRYKK: 07 Aurskog

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILDE:  
*Masdalskloven i Ørsta*  
Foto: Svein Arne Orvik

**B**

NORGE/NOREG



## HISTORIA BAK

### SVENSK, DANSKE OG ISLANDSKE GEITER – OG UNGANE DEIRA

*Geit* heiter *get* på svensk, *ged* på dansk og *geit* på islandsk. Ungen til geita heiter *kid* eller *killing* på svensk, *gedekid* på dansk og *kið* eller *kiðlingur* på islandsk.

Svensk *killing* må opphavleg ha heitt *kid-ling*. Islandsk *kiðlingur* og norrønt *kiðlingr* stadfester det. I *kiðling* er *-ling* eit diminutivsuffiks, dvs. eit suffiks som gir hovudordet tydingsnyansen 'liten'. At suffikset *-ling* har ein slik funksjon, kan ein til dømes sjå av norrønt *mús* ('mus') og *mýslingr* ('musunge') og av engelsk *duck* ('and') og *duckling* ('andunge'), for ein musunge er mindre enn ei mus, og ein andunge er mindre enn ei and.

Attåt *kidling*, som vart til *killing*, har svensk ei diminutivform sett saman av *get* + *-ing* (altså ikkje *-ling*), som heiter *geting*. Den opphavlege tydinga også av dette ordet må vera 'lita geit'. *Geting* (som dei uttalar *jeting*) er ei nemning på eit dyr, det òg, men det dyret er berre 1–2 cm langt.

Islandsk har *geitungur*, som liknar særst mykje på og tyder det same som svensk *geting*. Me må tru at også norsk ein gong i tida har hatt ei nemning *geiting* eller *geitung* på dette dyret.

I ei islandsk-islandsk ordbok står det at ein *geitungur* ser slik ut: «Hann er oftast svartur með gulum eða rauðum þver-röndum og með eiturbroddi.» Skarpe lesarar skjønner kva det tyder.

Den islandske teksten hjelper deg til å finna ut *kva for dyr* ein *geitungur* er, men ikkje *kvifor* det heiter *geitungur* på islandsk og *geting* på svensk. Det har med likskap i utsjånaden til dei to dyra å gjera. Du løyser gåta når du finn fram til eit dyr som har noko på kroppen som også geiter har.

Når du har funni ut *kvifor* dette vesle dyret blir omtala som 'lita geit', seier du sjølvsgagt «Sjølvsgagt!», for løysinga er ganske logisk. Dersom du ikkje finn løysinga sjølv, kan du sjå på side 25.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

ISSN 0333-3825